



Stord I under restaurering. (Foto: Harald Sætre)

- Stord I, eller Stord som båten heitte då den gjekk for HSD, gjekk i alle ruteområda til selskapet. Den var i periodar ofte å sjå i Uskedalen, fortel uskedelingen Harald Sætre til uskedalen.no i samband med at kommunen no har fått søknad om stønad til restaureringa.

Båten var mellom anna innom her i perioden frå 1913 til 1930 og som reservebåt frå 1959 til 1969, då den vart seld. Som gutunge reiste Harald fleire gonger med Stord til og frå Uskedalen. Men då var den motorskip – dampmaskinen vart bytta ut med motor i 1949.

Harald fortel at båten frå 1931 til 1947 gjekk fast kvar dag mellom Bergen og Sunnhordland ("Sunnhordland Snøggrute") via Langenuen og då var han ikkje innom Uskedalen. I perioden 1949-1959 gjekk han fast i Oddaruta (Bergen-Odda-Bergen). Då var det berre Rosendal som var fast anløpsstad i Kvinnherad.

- Kva med ditt engasjement i restaureringsprosjektet?

- Eg har vore engasjert i arbeidet til Veteransklaget Fjordabåten sidan det kjøpte Stord i 1981 og var i fleire år formann i laget.

I 2006 vart båten ført over til eiga stifting – Stiftelsen D/S Stord. Der er eg mellom anna leiar av den antikvariske gruppa som har ansvaret for at dei antikvariske retningslinene for gjenoppbyggjinga blir følgd.

Riksantikvaren set strenge krav til antikvarisk korrekt gjenoppbyggjing ved tildeling av pengar. Og lukkelegvis har vi god dokumentasjon på korleis båten var opprinneleg dom dampskip.

I tillegg er eg også med i økonomigruppa og driftsgruppa i stiftinga, opplyser Sætre.

Er det forresten nokon som har bilete av Stord til kai i Uskedalen?

Av Ola Matti Mathisen